

Vedlegg 1**Norsk kulturfond — Årsmelding 1982****KAPITTEL I****Organisasjon og verksemd**

Norsk kulturråd legg med dette fram si 18. årsmelding i samsvar med det som er fastsatt av Kyrkje- og undervisningsdepartementet (St.prp. nr. 130 for 1964—65, III C, Om anvendelse av Kulturfondets midler):

«Ved begynnelsen av hvert budsjettår fremmes melding til Stortinget om Kulturfondets virksomhet i det foregående år.»

**MEDLEMMER AV NORSK KULTURRAD  
1981—85**

Norsk kulturråd er skipa ved stortingsvedtak av 11. desember 1964, i samsvar med St.prp. nr. 1, Tillegg nr. 1. for 1964—65 og endring ved kongeleg resolusjon av 24. september 1976. Rådet har ni medlemmer oppnemnde ved kongeleg resolusjon og fire medlemmer oppnemnde av Stortinget, alle for fire år. To av dei ni rådsmedlemmene vert oppnemnde ved kongeleg resolusjon etter framlegg frå Norske Kommuners Sentralforbund.

**Oppnemnde ved kongeleg resolusjon for  
1981—85**

(Varaemedlemmer i parentes)  
 Professor Edvard Beyer, Oslo  
 (Ballettdansar Anne Borg, Oslo)  
 Grafikar Anne Breivik, Moss  
 (Forfattar Tordis Ørjasæter, Haslum)  
 Komponist Arne Nordheim, Oslo  
 (Musikar Åse Kleaveland, Oslo)  
 Museumsstyrar Åse Enerstvedt, Stend  
 (Arkitekt Mari Kollandsrud, Oslo)  
 Rektor Ola Jonsmoen, Alvdal  
 (Programsekretær Olav Vesaas, Oppegård)  
 Dagleg leiar Edel Hætta Eriksen, Kautokeino  
 (Kontorsjef Reidar Hirsti, Oslo)  
 Skodespelar Jack Fjeldstad, Oslo  
 (Biblioteksjef Trine Kolderup Flaten, Førde)  
 Statsråd Wenche Frogner Sellæg, Overhalla  
 (Undervisningsinspektør Gudmund Hytten,  
 Grimstad)  
 Fylkessekretær Olina Storsand, Trondheim  
 (Adjunkt Alvild Tveit, Balestrand).

**Oppnemnde av Stortinget**

Direktør Knut Berg, Oslo  
 (Husmor Gerd Råheim, Hatlane)  
 Rektor Kjølv Egeland, Stavanger  
 (Kultursekretær Vie Some, Moss)

Kringkastingssjef Bjartmar Gjerde, Oslo  
 (Kontorfullmektig Karin Husøy, Andalsnes)  
 Skoledirektør Henrik Bargem, Arendal  
 (Museumslektor Bjørn Aarseth, Tromsø).  
 Formann oppnemnd ved kongeleg resolusjon:  
 Professor Edvard Beyer.

Nestformann oppnemnd ved kongeleg resolusjon: Grafikar Anne Breivik.

Undervisningsinspektør Gudmund Hytten  
 møter fast for statsråd Wenche Frogner Sellæg.

**VEDTEKTER FOR NORSK KULTURFOND**

fastsette av Stortinget 19. juni 1965.  
 (Omsette frå St.prp. nr. 130, 1965—65.)

**§ 1.**

Norsk kulturfond som er skipa i samsvar med stortingsvedtak av 11. desember 1964, har til formål å fremje kunst og kulturvern. Stortinget løyer kvart år midlane til fondet.

**§ 2.**

Norsk kulturfond har til formål å stimulere skapande åndsliv i litteratur og kunst, verne den norske kulturarven og arbeide for at flest mogleg kan få del i kulturgoda.

**§ 3.**

Midlane til Norsk kulturfond blir forvalta av Finansdepartementet og disponerte ved kongeleg resolusjon etter tilråding frå Kyrkje- og undervisningsdepartementet, og i samsvar med retningslinjer som Stortinget har fastsett.

**§ 4.**

Norsk kulturråd gir tilråding om fordeling av fondsmidlane og har ansvaret for dei summar som ved fordelinga blir stilte til rådvelde for Rådet.

**§ 5.**

Kyrkje- og undervisningsdepartementet skal kvart år gi melding til Stortinget om Norsk kulturfonds verksemd i budsjettåret før.

**RETNINGSLINER FOR BRUKEN  
AV MIDLAR FRÅ NORSK KULTURFOND**  
fastsette av Stortinget 19. juni 1965.

Ramma for verksemda til fondet er kunst og kulturvern. Dei tiltak som Rådet gjer, bør ha det doble siktemålet å stimulere kunsten

og kulturvernet, og samstundes gjere kunst- og kulturverdiane tilgjengelege for så mange som råd er. Innanfor denne ramma må Rådet til kvar tid vurdere kva for oppgåver som bør prioriterast. Det er føresetnaden at Rådet skal legge særskilt vekt på:

- a) Tiltak til å fremje norske litteratur. Det er utarbeidd særlege reglar for bruk av midlar til slike tiltak.
- b) Tiltak til å fremje norsk musikkliv.
- c) Tiltak til å fremje norsk bilettekunst, og kjøpe inn bilettekunst til offentlege kunstsamlingar og til offentleg utsmykking.
- d) Tiltak til å fremje norsk filmkunst.
- e) Tiltak til å skape betre utdanningsvilkår for norske kunstnarar, såleis òg betre høve til vidare utdanning.
- f) Kulturverntiltak, såleis òg vern av samisk kultur.
- g) Stønad til finansiering av kulturygg.
- h) Tiltak som er med og skaper eit rikare kulturmiljø i bygd og by, og ei vakrare utforming av omgivnaden vår.
- i) Tiltak som kan gi letta tilgjenge til god kunst og skape auka skjønsemeld for dei verde den gir.
- j) Initiativ og stønad til større kulturelle eingongstiltak, som t.d. kunstnarlege innslag i nasjonale jubilé og minnehøgtider, og større eingongsturnéar frå kunstinstitusjonar.

#### **REGLEMENT FOR NORSK KULTURRAD**

fastsett ved kongeleg resolusjon 27. august 1965, med endring av 24. september 1976.

##### **§ 1.**

Norsk kulturråd er oppretta i samsvar med stortingsvedtak av 11. desember 1964.

##### **§ 2.**

Rådet skal ha 13 medlemmer med personlege varamenn, av desse skal 4 medlemmer med varamenn oppnemnast av Stortinget og 9 medlemmer med varamenn av Kongen etter tilråding frå Kyrkje- og undervisningsdepartementet. To av dei 9 medlemmene med varamenn skal oppnemnast etter framlegg frå Norske Kommunerers Sentralforbund. Alle oppnemningane gjeld for 4 år om gongen. Kongen nemner opp formann og nestformann i Rådet.

##### **§ 3.**

Rådet kan oppnemne eit arbeidsutval på opp til 5 medlemmer, der formannen og nestformannen er med. Rådet kan òg setje ned utval til å arbeide med særskilte saker eller

saksområde. Dersom det i slike utval blir oppnemnt personar som ikkje er medlemmer av Rådet må oppnemninga godkjennast av departementet.

##### **§ 4.**

Rådet har til oppgåve å arbeide for kunst og kulturvern i samsvar med dei vedtekter for Norsk kulturfond og dei retningslinjer som Stortinget fastset. Det er rådgjevande organ for Kyrkje- og undervisningsdepartementet i saker som gjeld Norsk kulturfond og skal gi fråsegner i andre spørsmål som departementet legg fram for det, eller som Rådet sjølv ønskjer å ta opp.

Rådet skal kvart år gi tilråding til Kyrkje- og undervisningsdepartementet om fordeling av midlar som blir løyvd til Kulturfondet. Det har ansvaret for bruken av dei midlane som ved fordelinga blir stilte til rådvelde for Rådet.

Rådet skal innan 15. februar gi melding til Kyrkje- og undervisningsdepartementet om verksemda i fondet i året som gjekk.

##### **§ 5.**

Rådet held møte minst 2 gonger i året. Elles kan Rådet kallast inn til møte når formannen, 2 medlemmer eller departementet meiner det er ønskjeleg.

Arbeidsutvalet har møte så ofte det er naudsynt eller 2 medlemmer bed om det.

Rådet og arbeidsutvalet er vedtaksføre når minst helvta av medlemmene er til stades. Ved røystinga blir sakene avgjorde ved vanleg flertal. Står røystene likt, er det røystinga til formannen som avgjør utfallet.

Rådet og arbeidsutvalet skal føre møtebok. Utskrift av møtebøkene skal sendast rådsmedlemmene og varameñnene etter kvart møte.

##### **§ 6.**

Rådet drøfter og avgjør alle viktige saker, eventuelt etter at dei er førebudde av arbeidsutvalet, og tek avgjerd om kva slags saker som kan gå til arbeidsutvalet til avgjerd eller fråsegn.

Alle tilrådingar skal vere grunngjevne. Vedtak i arbeidsutvalet skal leggjast fram for Rådet i neste møte.

##### **§ 7.**

Utgifter til rådsmøte, administrasjon og sekretariat skal dekkjast av fondet.

## MØTE I ARBEIDSUTVALET

Arbeidsutvalet i 1982 var: Edvard Beyer, Anne Breivik, Henrik Bargem, Jack Fjeldstad og Olina Storsand. Arbeidsutvalet gjer vedtak i løyvingssaker opp til kr 50 000 innanfor ramma av avsetjingar, og førebur elles saker for rådet. Arbeidsutvalet har i 1982 hatt 3 møte.

## MØTE I RÅDET

Rådet har i alt hatt 9 møte. Tre av møta vart haldne i Krødsherad, Kristiansand og Arendal i samband med synfaringar som Rådet hadde på desse stadene i 1982.

## UTVAL OG UTGREIHINGAR

### Faste utval

#### 1. Det faglege utval for litteratur

Professor Edvard Beyer, formann, adm. direktør Erling Fjellbirkeland og bibliotekdirektør Else Granheim.

#### 2. Utvalet for utgjeving av eldre norsk litteratur, Klassikarkomiteen

Bibliotekar Grete Dahl, formann, dosent Vigdis Ystad, universitetslektor Asmund Lien og rekneskapssjef Halvard Sletten.

#### 3. Barnekulturutvalet

Skodespelar Jack Fjeldstad, formann, forlagsredaktør Trine Kolderup Flaten, museumsstyrar Åse Enerstvedt, journalist Audgunn Oltedal, professor Jon-Roar Bjørkvold og teiknar Rune Johan Andersson.

#### 4. Utvalet for tilskott til verdfulle omsetjingar

Professor Arne Hannevik, formann, lagssjef Birger Huse og programredaktør Yngvar Ustvedt.

#### 5. Ankenemnda for innkjøpsordninga for skjønnlitteratur

Universitetslektor Helge Rønning, formann, universitetslektor Asmund Lien, statsstipendiat Ivar Eskeland, forfatter Einar Økland, forlagssjef Øistein Parmann og forlagssjef Nils-Tore Andersen.

#### 6. Ankenemnda for innkjøpsordninga for barne- og ungdomslitteratur

Redaksjonssekretær Leif Stavik, formann, høgskolelektor Gunvor Risa, forlagssjef Nils-

Tore Andersen, statsstipendiat Ivar Eskeland, forlagsdirektør Halfdan Kielland og forfattar Tor Edvin Dahl.

### 7. Tidsskriftutvalet

Programsekretær Olav Vesaas, formann, forskningsstipendiat Irene Iversen og rektor Helge Ytrehus.

### 8. Musikkutvalet

Komponist Arne Nordheim, formann, komponist/organist Kjell Mørk Karlsen, musikar Åse Kleveland, rektor Odd Leren og komponist/journalist Synne Skouen.

### 9. Redaksjonsutvalet for utgjeving av klassisk norsk musikk

Kapelmeister Egil Monn-Iversen, formann, universitetsbibliotekar Øystein Gaukstad, komponist Johan Kvandal og redaksjonssjef Gunnar Rugstad.

### 10. Sakkunnig nemnd for Materialfondet for biletkunstnarar

Skoledirektør Henrik Bargem, formann, målar Unni Lund, bilethoggar Astrid Dahlsveen, grafikar Dag A. Rødsand, teiknar Finn Christensen og tekstilkunstnar Åse Pedersen.

### 11. Sakkunnig nemnd for Materialfondet for kunsthåndverkarar

Skoledirektør Henrik Bargem, formann, kunsthåndverkarane Sigrun Aune, Helga Noland og Anne Marie Hagerup.

### 12. Utvalet for kunstnarleg utsmykking av offentlege bygg

Grafikar Anne Breivik, formann, sjefsarkitekt Bjarne Howlid, bilethoggar Per Ung, tekstilkunstnar Bodil Cappelen, målar Adolph Denis Horn, grafikar Ole Johan Tørud, kunsthåndverkar Anna Sophie Rodin og arkitekt MNAL Didrik Hvoslef-Eide.

### 13. Utvalet for innkjøp av norsk samtidskunst

Mag. art. Holger Koefoed, formann, målar Jørn Nilsen, bilethoggar Axel Tostrup, grafikar Bjørg Løvvik, tekstilkunstnar Sidsel C. Karlsen, fotograf Johan Sandborg, keramikar Hanna Hellum, tekstilkunstnar Ellen Monrad Vistveen og metallkunstnar Kari Hauge.

### 14. Samisk kulturutval

Dagleg leiar Edel Hætta Eriksen, formann, rektor Eldar Einejord, kunsthåndverkar Berit Marit Hætta, reineigar Aud Renander, rektor

Trygve Madsen, musikkpedagog Erik Prost, revisor Peder Andreas Varsi, brukskunstnar Anders A. Gaup og reineigar Marit Oskal Sara.

#### 15. Kulturbryggutvalet

Direktør Knut Berg, formann, arkitekt Gute Baalsrud og arkitekt Ulf Colbiørnsen.

#### 16. Kulturvernutvalet

Direktør Knut Berg, formann, arkitekt Gullik Kollandsrud, husmor Else Rønnevig. Observatør: Direktør Alf Bæ (NKKM) og førstestantikvar Jan Andersen (Riksantikvaren).

#### Mellombels utval

##### 1. Utvalet for bevaring av gamle farty

Direktør Halvard Bjørkvik, formann, gardbrukar Lars T. Platou, museumsdirektør Svein Molaug, konservator Johan Kloster, skipsingeniør Tøger Teilmann og konsulent Fredrik Denneche.

##### 2. Utvalet for lokalhistoriske samlingar

Arkivar Hans Try, formann, professor Rolf Fladby, instituttleiar Sofie Rogstad, fylkeskultursjef Aasmund Mjeldheim, fylkeskonservator Kolbein Dahle, amanuensis Tore Pryser og kontorsjef Leif Willumstad, sekretær.

##### 3. Organisasjonsutvalet til Norsk kulturråd

Skoledirektør Henrik Bargem, formann, professor Edvard Beyer, rektor Kjølv Egeland, museumsstyrar Åse Enerstvedt, førstesekretær Kari Hilden og kontorsjef Hans Stokland.

##### 4. Redaksjonsutvalet til Norsk kulturråd

Professor Edvard Beyer, formann, grafikar Anne Breivik, Torolf Elster, direktør Knut Berg, rektor Ola Jonsmoen og direktør Aasmund Oftedal.

##### 5. Arbeidsgruppe for å gjere opptak av verdfull eldre musikk tilgjengeleg

Universitetsbibliotekar Øystein Gaukstad, formann, riksarkivar Dagfinn Mannsåker og komponist Olav Anton Thommessen.

#### TILRADINGAR OG FRASEGNER FRA NORSK KULTURRAD TIL KULTUR- OG VITSKAPSDEPARTEMENTET

- Årsmelding 1981 (St.meld. nr. 56 for 1982 —83).
- Tilråding om fordeling av midlar frå Norsk kulturfond 1982.

- Framlegg om løvvning til Norsk kulturfond for 1983.
- Framlegg til stillingsbudsjett for Norsk kulturråd for 1983.
- Fråsegn av 5. november 1982 om «NOU 1982:15 «Nytt inntektssystem for kommuner».

#### SAMARBEID MED ANDRE INSTITUSJONAR OG ORGANISASJONAR

Samarbeidet med Kultur- og vitskapsdepartementet, Miljøverndepartementet og Utanriksdepartementet er omtalt i neste kapittel: Om koordinering med statsbudsjettet. Kulturrådet har samarbeid og kontakt med ei rad institusjonar, organisasjonar og råd med tilgrensande arbeidsfelt.

#### Norges almenvitenskapelige forskningsråd

I 1976 vart det sett ned eit særskilt samarbeidsutval mellom Norsk kulturråd og Rådet for humanistisk forskning i Norges almenvitenskapelige forskningsråd. Utvalet skal drøfte saker og søknader som ligg i grensefeltet mellom dei to råda og dessutan komme med tilrådingar i saker av sams interesse.

Det er elles stadig kontakt mellom administrasjonane i dei to råda om saker som ligg i grenseområda.

#### Riksantikvaren

Riksantikvaren er fagleg rådgjevar for Kulturrådet i saker som gjeld vern av hus, anlegg og miljø. Kulturrådet bed øg om fråsegn frå fylkeskonservatorane, slik at Rådet får både lokal og sentral prioritering før det gjer endeleg vedtak.

#### Norske Kunst- og Kulturhistoriske Muséér

Styret i Norske Kunst- og Kulturhistoriske Muséér er fagleg rådgjevar for Kulturrådet i saker som gjeld muséa, både nye musébygg og andre større tiltak. Ein høyrer også kva fylkeskonservatorane meiner.

#### Statens bibliotektilsyn

Bibliotekdirektøren er fast medlem av Det faglege utval for litteratur og er med i alle drøftingar med forlag og forfattarar om innkjøpsordninga. Det er Bibliotektilsynet som avgjer korleis bokinnkjøpa skal fordelast til biblioteka. Kulturrådet nyttar både dei rådgjevande utvala i Bibliotektilsynet: Det rådgjevande utvalet for folkebibliotek og Det rådgjevande utvalet for skolebibliotek.

**A/L Biblioteksentralen**

Rådet samarbeider med Biblioteksentralen i alle praktiske spørsmål som gjeld dei to innkjøpsordningane: Innbinding, ekspedisjon og anna.

**Statens byggje- og egedomsdirektorat**

Direktoratet har ein fast observatør i Utvalet for kunstnarleg utsmykking av offentlege bygg.

**Riksinstitusjonane**

Kulturrådet har kontakt og samarbeider med Rikskonserterne i alle saker som gjeld tilskott til konserter eller andre større musikktiltak rundt i landet. Rådet har òg god kontakt med Norsk Forfattarsentrums, Riksgalleriet og Riksteatret.

**Norske Kommuners Sentralforbund**

I 1977 vart Norsk kulturråd utvida med to medlemmer, nemnde opp ved kongeleg resolusjon etter framlegg fra Norske Kommuners Sentralforbund. Sentralforbundet hjelper til

med å sende informasjon og fråseigner frå Rådet til kommunar og fylkeskommunar.

**Statens ungdomsråd og Statens idrettsråd**

Frå 1977 vart det skipa til faste møte mellom Statens ungdomsråd, Statens idrettsråd og Norsk kulturråd. Alle tre råda gjekk i åra 1979—81 saman om å finansiere og gi ut bladet «Kulturnytt». Frå 1982 har Kulturrådet gitt ut bladet åleine.

**Regionale og lokale råd og institusjonar**

Rådet legg vekt på eit nært samarbeid med dei regionale råda Nordnorsk Kulturråd og Nordnorsk Musikkråd, og med regionale kunstnarorganisasjonar. Når det gjeld tiltak for samisk kultur, har Rådet i tillegg til sine eigne rådgjevande utval kontakt med Norsk Sameråd, Norske Samers Riksforbund og Nordisk Samisk Institutt.

**NORSK KULTURRADS PRISAR 1982**

Åresprisen for 1982 vart gjeven til Halldis Moren Vesaas og omsetjarprisen til Herbert Svenkerud. Prisane vart delt ut under eit festarrangement i Oslo konserthus 2.12.82.

## KAPITTEL II

## Koordinering med statsbudsjettet

**KULTUR- OG VITSKAPSDEPARTEMENTET**

Rådet vil få seie seg glad for det gode samarbeidet med Kultur- og vitskapsdepartementet, eit samarbeid som er ein føresetnad for ein koordinert nasjonal kulturpolitikk og naturleg kulturvokster.

Som hovedregel gjeld at Kulturrådet ikkje gjev stønad til slike tiltak som kan få statsstilskott under fastsette tilskottssordningar.

**MILJØVERNDEPARTEMENTET**

Rådet vil også halde fram med å byggje ut det naturlege samarbeidet med Miljøverndepartementet i saker som gjeld kulturvern. Rådet seier seg glad for dei auka løyvingane til Riksantikvaren og vonar at det etter kvart

vert mogeleg for Riksantikvaren å ta seg av fleire av restaureringsoppgåvene, slik at Norsk kulturråd kan komme inn når det gjeld større eingangsoppgåver eller nye prøveprosjekt.

**UTANRIKSDEPARTEMENTET**

Norsk kulturråd samarbeider med Presse- og kulturavdelinga i Utanriksdepartementet i saker som gjeld tiltak for norsk litteratur, musikk og biletkunst i utlandet.

Kulturrådet har også kontakt med Landbruksdepartementet og Kommunaldepartementet om samiske saker.

Kulturrådet vil på nytt få streke under at det trengst tverrfagleg og tverrdepartemental kontakt mellom alle statlege instansar som arbeider på kulturområdet.

## KAPITTEL III

## Tilskott

**INNLEIING**

Norsk kulturfond fekk i 1982 ei samla løyving på 64 millionar kroner som vart delt slik:

	1982	1981
Litteratur .....	25 800 000	22 400 000
Tidsskrift .....	1 250 000	1 100 000
Musikk .....	5 100 000	4 400 000
Biletkunst og kunsthandverk .....	8 175 000	6 975 000
Kulturvern .....	6 450 000	5 575 000
Samisk kultur .....	1 300 000	1 150 000
Kulturbrygg .....	8 000 000	7 300 000
Andre føremål .....	3 325 000	2 900 000
Utval og publikasjonar .....	350 000	
Lønn og godtgjersle ..	3 300 000	3 800 000
Annan administrasjon	950 000	
Til saman	64 000 000	55 600 000

**SØKNADSOVERSYN PR. 31.12.82**

	1982	1981
Litteratur .....	157	152
Tidsskrift .....	65	82
Musikk .....	184	192
Biletkunst og kunsthandverk	340	337
Kulturvern .....	284	297
Samisk kultur .....	68	80
Kulturbrygg .....	44	37
Andre kulturføremål .....	131	112
I alt	1 273	1 289

Vedlegg 1

Arbeidet i råd, utval og fond på kulturområdet i 1982

**LITTERATUR**

Ved kongeleg resolusjon av 5. mars 1982 vart det sett av kr 25 800 000 til litterære formål, delt slik:

1. Innkjøpsordninga for skjønnlitteratur .....	kr 16 900 000*
2. Barne- og ungdomslitteratur	
a. Innkjøpsordninga for skjønnlitterære barne- og ungdomsbøker .... »	5 500 000*
b. Stønad til kunstnarleg illustrerte barnebøker »	575 000
c. Stønad til barneblad .. »	150 000
d. Andre tiltak, barne-litteratur .....	200 000
3. Eldre norsk litteratur .... »	290 000
4. Essaystikk .....	250 000
5. Omsett litteratur .....	400 000
6. Arbeid for norsk litteratur i utlandet .....	100 000
7. Ny norsk dramatikk .... »	250 000
8. Omsetjarpris .....	25 000
9. Nynorsk litteratur .....	760 000
10. Til rådvelde litteratur .... »	400 000
 Til saman	 kr 25 800 000

\* I desse summane er også teke med delvis dekkjng av meirkostnader frå tidlegare år.

**1. Innkjøpsordninga for ny norsk skjønnlitteratur**

Det vart i 1982 sett av kr 16 900 000 til innkjøpsordninga dette året og til å dekkje

1982	(-65	-66	-67	-68	-69	-70	-71	-72	-73	-74	-75	-76	-77	-78	-79	-80	-81*)	
Prosa	120	(	76	88	74	90	75	85	84	92	94	92	92	118	130	128	98	115 119)
Lyrikk	84	(	43	48	48	51	60	65	68	66	88	65	74	105	115	101	103	75 73)
Skodespel	11	(	5	12	5	11	5	8	6	5	7	7	8	7	10	11	6 15)	
Til saman	215	(	124	148	127	152	140	158	158	163	189	164	173	231	252	239	212	196 207)

\* Korrigerte tal etter at arbeidet med ordninga var avslutta hausten 1982.

Medlemsforлага i Den norske Forleggerforening (medrekna dei forлага som òg er medlemmer av Norsk Forleggersamband) fekk kjøpt inn 207 titlar. Forlag som berre er tilslutta Norsk Forleggersamband, melde ikkje på bøker til innkjøpsordninga i 1982. Frå forlag som er medlemmer av begge forleggjarorganisasjonane, vart det kjøpt inn to bøker. Sju forlag som ikkje er organiserte, og som ikkje er med på den automatiske ordninga, fekk kjøpt inn åtte bøker etter søknad.

Åtte bøker vart avviste frå ordninga, anten

meirkostnader frå tidlegare år. Desse meirkostnadene var i 1982 blitt så høge at Rådet fann å måtte forhandle med avtalepartane om ei form for regulering av innkjøpsordninga dette året. Rådet vedtok at det ikkje kunne setje av meir enn kr 14 500 000 til dei bøkene som vart kjøpte inn i 1982, og forleggjarane gikk med på at dei i første omgang berre skulle få utbetalte 80 pst. av innkjøpssummen mot ei endeleg avrekning ved årsskiftet.

Partane vart samde om at dette var ei eingongsløysing for 1982, og at dei i løpet av året ville gjere sitt ytste for at ikkje innkjøpsordninga skulle kome i faresonen. Det vart såleis oppnådd semje om at prosabøkene frå og med våren 1983 skulle leverast i forlagsbind for dermed å spare inn mogelege ekstrakostnader. Det vart òg halde eit møte med den politiske leiinga i Kultur- og vitskapsdepartementet etter initiativ frå avtalepartane, der dei økonomiske og prinsipielle sidene ved framtida til innkjøpsordninga vart lagde fram.

**Omfangen av innkjøpsordninga**

Det vart kjøpt inn 233 skjønnlitterære bøker til folkebiblioteka i 1982. For 18 av desse bøkene har forlaga mått betale attende innkjøpssummen og honorarrefusjonen av di bøkene ikkje vart tilrådde innkjøpt av Statens rådgjevande utval for folkebiblioteka og av Ankenemnda til Kulturrådet. Kulturrådet har såleis betalt for innkjøp av 215 bøker. Liste over bøkene følgjer som utrykt vedlegg. Tala nedanfor syner korleis bøkene fordeler seg på prosa, lyrikk og skodespel. Tala for 1965—81 står i parentes.

av di dei ikkje vart klassifiserte som skjønnlitteratur, eller av di dei var søkte innkjøpt av uorganiserte forlag og vart underkjente av Det faglege utval for litteratur på grunnlag av konsulentvurdering. Fire bøker vart av ymse grunnar innkjøpte til ein lågare pris enn utsalsprisen, fastsett av Det faglege utval for litteratur.

Ankenemnda handsama i 1982 34 bøker frå 1981-ordninga. Dei fleste av bøkene var ikkje tilrådde innkjøpt til folkebiblioteka av Statens bibliotektilsyns rådgjevande utval. Av des-

se bøkene vart 7 godtatt og 27 avvist frå ordninga. Dei underkjente 1982-bøkene har alle vorte handsama av Ankenemnda i 1983. 7 bøker vart godtatt, 17 vart avvist.

Bøkene på innkjøpsordninga vart i 1982 sende ut i fem puljer til biblioteka. Som ei prøveordning vart det våren 1982 mogeleg å levere bøker til A/L Bilioteksentralen til ei vårpulje. Denne sendinga gikk ut 28. mai med 30 titlar. Dei andre sendingane gikk 1. oktober, 6. november, 17. desember og 18. februar 1983. Dei reaksjonane vi har fått, tyder på at biblioteka er svært nøgde med denne nye ordninga med raskare utsendingar.

#### *Utgiftene ved innkjøpsordninga*

I årsmeldinga for 1981 er utgiftene til ordninga i 1981 rekna ut etter innkjøp av 222 titlar. Ankenemnda fekk etter at dette oversynet var sett opp, nye bøker til handsaming, og det endelege titteltalet for 1981 vart såleis 207 titlar. Dei endelege kostnadene vart då:

Kjøp av 207 titlar .....	kr 9 159 310
Innbinding og ekspedisjon .....	» 2 187 250
Frakt .....	» 288 020
Honorarforskott 1981 .....	» 2 572 586
Honorar for sal 1980 (utbetalt 1981) .....	» 725 330
<b>Til saman</b>	<b>kr 14 932 496</b>

På budsjettet for 1981 var det sett av 14,3 mill. kroner til innkjøpsordninga. Kulturrådet vedtok at meirkostnadene måtte dekkjast inn av avsetjinga i 1982, dvs. av dei 2,4 millionar kronene som var differansen mellom den avsette totalsummen på 16,9 mill. kroner og det som vart vedtatt skulle gå til kjøp av bøker i 1982. Kostnadene for innkjøpsordninga for 1982 vart ut frå innkjøp av 215 titlar og med 80 pst. utbetaling av innkjøpssummen følgjande:

Kjøp av 215 titlar .....	kr 8 939 499
Innbinding og ekspedisjon .....	» 2 696 850
Frakt .....	» 242 937
Honorarforskott .....	» 2 967 094
Honorar for sal 1981 (utbetalt 1982) .....	» 722 466
<b>Til saman</b>	<b>kr 15 568 846</b>

Oppstillinga under viser korleis prisane på dei innkjøpte bøkene har utvikla seg. Prisane (kr) gjeld for hefta bøker i bokhandel.

	1982	1981	1980	1979	1978	1977	1976
Prosa	96	89	76	66	63	55	50
Lyrikk	75	67	63	48	46	39	34
Skodespel	80	64	67	67	62	52	52

#### *2. Stønad til barne- og ungdomslitteratur*

Rådet sette av kr 6 425 000. Summen vart delt slik:

- a) Innkjøpsordninga for nye norske skjønnlitterære barne- og ungdomsbøker ..... kr 5 500 000
- b) Stønad til kunstnarleg illustrerte barnebøker ..... » 575 000
- c) Stønad til barneblad ..... » 150 000
- d) Andre tiltak barnelitteratur » 200 000

#### *2a. Innkjøpsordninga for nye norske skjønnlitterære barne- og ungdomsbøker*

Rådet sette av 5,5 mill. kroner til å dekkje kostnadene til ordninga i 1982. Av denne summen skulle 5,1 mill. kroner dekkje kostnadene til 1982-bøkene og 0,4 mill. kroner resten av etterslepet frå tidlegare år. Dette etterslepet er nå dekt.

Etter tilråding frå utgreiingsutvalet for norsk barnelitteraturs situasjon vedtok Norsk kulturråd i februar 1982 å auke sin del av forskottshonoraret frå 10 til 12½ pst. for selde eksemplar inntil 3 000 og frå 5 til 7½ pst. for selde eksemplar inntil 5 000 for alle barne- og ungdomsbøker rådet kjøper inn. Dette er eit tiltak som tener både forfattarar og forleggjarar og som dermed er med på å tryggje utgjeving av nye norske skjønnlitterære barne- og ungdomsbøker. Meirkostnadene for Rådet til denne ordninga er om lag 200 000 pr. år.

Avtalepartane vedtok i 1981 å innføre to meldingsfristar til ordninga f.o.m. 1982, ein om våren og ein om hausten. Siktemålet med dette var

- å gi leserane raskare høve til å lese dei nye norske barnebøkene
- å gi biblioteka betre service
- å prøve å få forlaga til å spreie utgjevingane gjennom året.

Dei første innkjøpte bøkene blir etter dette sende til biblioteka før sommaren i utgjevingsåret, og siste sending går ut tidleg året etter. Dei innkjøpte bøkene kjem såleis ut til biblioteka om lag eit halvt år tidlegare enn før.

*Omfang*

Det vart kjøpt inn 74 skjønnlitterære barne- og ungdomsbøker i 1982. Liste over bøkene følgjer som utrykt vedlegg. Frå overgangsåret 1977, då Rådet kjøpte inn 500 eksemplar etter den nye ordninga, deler talet på innkjøpte boktitlar seg slik:

1977	1978	1979	1980	1981	1982
70	89(85)	83(82)	81(74)	77(75)	74(69)

Desse tala gjeld bøker som er innkjøpte og distribuerte til folkebiblioteka kvart år. Tala i parantes gjeld godkjende bøker.

Som for innkjøpsordninga for skjønnlitteratur, kjøper Rådet inn berre ei bok av kvar forfattar om ikkje heilt særskilde tilhøve er til stades.

Medlemsforлага i Den norske Forleggerforening (medrekna forlag som òg er medlemmer av Norsk Forleggersamband) fekk kjøpt inn 70 bøker. Frå forlag som er medlemmer av begge organisasjonane, vart det kjøpt inn fem bøker. Forlag som ikkje er medlemmer av forleggjarorganisasjonane, fekk kjøpt inn fire bøker.

*Uorganiserte forlag*

Rådet vedtok 19. juni 1980 at Norsk Barneblad skal få vere med på den automatiske innkjøpsordninga sjølv om forlaget ikkje er medlem av nokon av dei to forleggjarorganisasjonane. Frå 1979 er forлага Sivle, Oktober og Den norske Bokklubben komne med på den automatiske ordninga.

*Ankenemnda for barne- og ungdomslitteratur*

Nemnda har handsama ti bøker på 1982-ordninga og avvist fem av dei. To ankesaker frå 1982 er ikkje handsama når årsmeldinga blir skriven.

*Utsending til biblioteka*

Dei innkjøpte bøkene, utgitt i 1982, vart sende ut til biblioteka i tre puljer. Første pulje med 8 titlar vart send 18. juni, andre pulje med 38 titlar vart send 19. november og tredje pulje med 28 titlar den 28. januar 1983.

*Utgifter**Endelege tal for 1981-ordninga:*

Kjøp av 75 000 bøker .....	kr 2 100 974
Plasting, innbinding, ekspedisjon »	790 267
Frakt .....	» 114 855
Forskottshonorar 1981 .....	» 599 543
Salsoppgjer for sal i 1980 (utbetalt i 1981) .....	» 230 803

Til saman kr 3 836 442

Det er ikkje råd å gi dei endelege tala for utgiftene i samband med 1982-ordninga før etter prøvinga av dei underkjende bøkene er avslutta. Dei endelege tala vil komme i årsmeldinga for 1983.

*Førebelts tal for 1982-ordninga:*

Kjøp av 69 000 bøker .....	kr 2 879 446
Plasting, innbinding, ekspedisjon »	880 200
Frakt .....	» 68 324
Forskottshonorar 1982 .....	» 752 278
Salsoppgjer for sal i 1981 (utbetalt i 1982) .....	» 253 224

Til saman kr 4 833 472

Oppstillinga nedanfor viser utviklinga av prisen på dei innkjøpte bøkene. Prisen (kr) gjeld hefta bøker for sal i bokhandel.

	1982	1981	1980	1979	1978
Skjønnlitterære barne- og ung- domsbøker	55	44	40	34	30

**2b. Andre tiltak for barne- og ungdomslitteratur***Kunstnarleg illustrerte barnebøker*

Rådet sette av kr 575 000 til dette formålet i 1982. I samsvar med tilråding frå Utgreiingsutvalet for norsk barnelitteraturs situasjon vedtok Norsk kulturråd

- å utvide ramma for stønad til barnebiletbøker til å gjelde alle bøker med minst to illustrasjoner pr. ark (16 sider). Tidlegare kunne berre gjennomillustrerte bøker (ein illustrasjon pr. oppslag) få stønad,
- å gjennomføre ei prøveordning for tre år med stønad til kunstnarleg illustrerte fagbøker for barn,
- å avsetje midlar til spesialbøker for barn med ulike funksjonshemningar.

I samsvar med tilrådingar frå Barnekulturutvalet har Norsk kulturråd gitt desse tilskotta:

*Gjennomillustrerte bøker:*

**Gyldendal Norsk Forlag**

Trygve Hoff/Karl Erik Harr:

Trollfjell her nord ..... kr 40 000

Wenche Blomberg/Jan Kåre

Øien: Jeg skal få en katt ..... » 15 100

**Noregs Boklag**

Unni-Lise Jonsmoen/U.L.J.

Kjenner du fra Frogid ..... » 38 000

Jan Magnus Bruheim/Unni-Lise

Jonsmoen: Risen og Busen blir  
vener ..... » 18 000

**J. W. Eide**

Anders Havnælid/R.J. Berle:

Det spørker på Rosendal ..... » 24 000

Asbjørnsen & Moe/R. J. Berle:

Høna som skulle til Dovrefjell ... » 20 000

**Cappelen**

Asbjørnsen & Moe/H.N. Dahl:

Askeladden og de gode hjelperne » 45 000

Trygve Bj. Klingsheim/Arild

Jacobsen: Apen Julius ..... » 56 000

**Aschehoug**

Mette Newth/M.N.: Vet du hva?... » 15 000

Philip Newth/P.N.: Fy katte! .... » 15 000

Jo Tenfjord/Harald Norberg:

Hvor er dokka?: ..... » 15 000

Einar Økland/Tonje Strøm:

Egg til alle ..... » 15 000

**Tiden**

Velle Espeland/Vivian Zahl

Olsen: Gåter ..... » 25 000

Asbjørnsen & Moe/Kari Gross-

mann: Mannen som skulle stelle  
heime ..... » 15 000

**Luther**

Gerd Grønvold Saue/E.T.

Næsheim: Den fortapte sonnen » 25 000

**Norsk Barneblad**

Gunvor Stornes/A.H. Bergseth:

Anna og Laila på fisketur ..... » 25 000

**Det Norske Samlaget**

Jens Graasvold (red)/H.N. Dahl,

T. Strøm/W. Øyen: Songboka mi » 30 000

Olav H. Hauge/ Wenche Øyen:

Regnbogane ..... » 30 000

*Delvis illustrerte bøker*

**Gyldendal**

Thore Hansen/Th. H.: Huset på

den skarlagensrøde sletten ..... » 15 000

**Cappelen**

Rune Belsvik/Morten M.

Kristiansen: Allslags dagar .... » 10 000

Ingebjørg Dahl Sem/Ingrid Jan-

gard Ousland: Mathias og  
bestemor ..... » 10 000

Vidar Sandbeck/Rune J. Anders-  
son: Mistenkelige fotspor ..... » 10 000

**Det Norske Samlaget**

Magnar Rygg/Einar Aarø: Måsen

som ikkje ville døy ..... » 15 000

O. S. Bjørlykke/J. Kippenbroeck:

Fredsdalen ..... » 9 000

Stig Holmås/Dag Fyri: Vinter-  
hauk og eldvatnet ..... » 4 900

**Damm**

Jon Bing/Thore Hansen: Mitzt

— gjenferdenes planet ..... » 5 000

**Nordvest**

Oddrun Ulvestad/Tone Anda:

Den underlege sommaren ..... » 30 000

**Til saman** kr 575 000

*Stønad til barneblad*

Rådet sette av kr 150 000.

Etter tilråding frå Barnekulturutvalet har  
Rådet gitt honorarstønad til desse barneblada:

Norsk Barneblad ..... kr 92 500

Nordnorsk Magasin ..... » 23 000

Magne ..... » 34 000

**Til saman** kr 150 000

*Andre tiltak barnelitteratur*

Rådet sette av kr 200 000 som først og  
fremst skulle gå til spesialproduksjonar for  
funksjonshemma barn som ikkje kan få stønad  
til kunstnarleg illustrerte barnebøker.

Etter tilråding frå Barnekulturutvalet har  
Rådet gitt følgjande tilskott:

Vedlegg 1

Arbeidet i råd, utval og fond på kulturområdet i 1982

**Norsk Musikkforlag**  
Tom Næss: Den mystiske boks .. kr 10 000

**Assistanse**

30 punktskriftutgåver, valde i 1981  
og 1982 ..... » 67 500

**I O G T's Barneavdeling**

Skrivekonkurranse ..... » 25 000

**Norsk Barnebokinstitutt**

Oppbyggjing av grunnstamme,  
referanselitteratur ..... » 60 000

**Gyldendal**

Svend Lundby: The Beatles ..... » 15 500  
Paul Leer Salvesen: Jesus fra  
Nasaret ..... » 15 500  
Calli Thaugland: Chaplin ..... » 15 500

**Til saman** kr 209 000

**3. Eldre norsk litteratur**

Rådet sette av kr 290 000 til eldre norsk  
litteratur. Etter tilråding fra Klassikarkomi-  
teen vart det gitt desse tilskotta:

**Aschehoug & Co.**

Francis Bull: Bjørnstjerne  
Bjørnson ..... kr 11 000  
H. A. Foss: Husmannsgutten .... » 10 000  
Stein Mehren: Sju diktsamlinger.. » 25 000  
Harald Sverdrup: Samlede dikt .. » 24 000  
Sigrid Undset: Artikler og essays » 25 000  
Erling Christie: Essays og artikler » 15 000  
Hans E. Kinck: Essays II ..... » 41 000

**Det Norske Samlaget**

E. Bakkan: Krossen er din I-III  
i eitt band ..... » 24 000

**Noregs Boklag**

Arne Garborg: Den ny-norske  
sprog og nationalitetsbevægelse » 14 000

**Paul T. Dreyers Forlag**

Karsten Roedder: Knus ikke den  
elendige i porten ..... » 21 000

**Falken Forlag**

Nordahl Grieg: Reise gjennom  
vår egen tid ..... » 25 000

**Til saman** kr 235 000

Restsummen kr 55 000 vart overført til  
avsetjinga til essayistikk.

**4. Essaystikk**

Rådet sette av kr 250 000 til essaystikk  
i 1982. Frå løyvinga til eldre norsk litteratur  
er det i året ført over kr 55 000. Etter til-  
råding frå Klassikarkomiteen har Rådet gitt  
desse tilskotta:

**Aschehoug & Co**

Philip Houm: Kritikere i en  
gullalder ..... kr 18 000  
Carl Frederik Engelstad:  
Sporhunder og stifinnere ..... » 16 000  
Øyvind Anker: Boken om Karoline » 25 000  
Karin Gullerud Johansen: Realisme  
og symbolikk ..... » 7 000  
Hallvard Rieber-Mohn: Sten på  
sten ..... » 10 000

**Gyldendal Norsk Forlag**

Leif Østby: Den store tradisjon .. » 25 000  
Magne Malmanger: Form og  
forestilling ..... » 20 000

**Universitetsforlaget**

Dakky Kjær: Mødrene og abortus  
provocatus ..... » 6 000  
Ø. Hodne: Jørgen Moe. Folke-  
minnesamler, dikter, prest .... » 14 000

**J. M. Stenersen**

Asbjørn Aarnes (red): Ord og  
bilde ..... » 17 000

**Tanum Norli**

P. Kolstø (red): Den russiske  
intelligentsia og kirken ..... » 10 000

**Den norske Samemisjon/Sàmi  
vara**

H. Lindkjølen: J.A. Friis og  
samene ..... » 16 000

**Det norske Samlaget**

Eldrid Lunden: Litterære essay .. » 12 300  
O. Grepstad/S. Time (red):  
Det norske essayet ..... » 14 000

Einar Økland: Litteratur og  
litteratur ..... » 16 000

**J. W. Eide**

Willy Dahl: Somrene med Book  
Jenssen ..... » 11 000

**Fagbokforlaget**

Erik Rudeng: Kulturliv .....	kr 16 000
J. W. Cappelen	
Magne Skjæraasen: Under spillemannens tre .....	» 19 000

Til saman kr 272 300

Restsummen, kr 32 700, er satt av til bruk for nyutgjeving av eldre norsk litteratur som framleis vantar i utsal og som Rådet vil ta initiativ til å få ut.

**5. Omsett litteratur**

For 1982 vart det sett av kr 400 000 til omsett litteratur. Omsetningsutvalet gir tilråding om tilskott til dei bøkene som forлага sjølv har peika ut som tungtseljelege eller særsværdifulle. Etter tilråding frå utvalet har Norsk kulturråd gitt desse tilskotta:

**Arbeidern Forlag**

Upton Sinclair: Boston .....	kr 10 000
------------------------------	-----------

**H. Aschehoug & Co**

André Brink: Utsikt til regn .....	» 11 250
Tony Morrison: Dukke i bek .....	» 8 500
William Golding: Skrift på vann .....	» 6 300
Margaret Atwood: Åpne sår .....	» 9 300
Michele del Castillo: La nuit du Decret .....	» 12 200

**J. W. Cappelens Forlag**

Mary Gordon: Kvinneselskapet .....	» 9 000
Simon Wiesenthal: Max og Helen .....	» 5 000
Tom Robbins: Prinsessen og hakkespetten .....	» 6 500
Philip Roth: Zuckerman .....	» 5 500
Buchi Emecheta: En kvinnestørste lykke .....	» 6 700
Marta Traba: Samtale i sør .....	» 11 000
J. M. Coetzee: Før barbarene kommer .....	» 6 000
Buchi Emecheta: Annenrangsborger .....	» 6 500

**Dreyer Forlag**

Vladimir Bukovski: Det gjør vondt .....	» 5 500
Fritz Zorn: Mars .....	» 4 800
Milan Kundera: Latterlige kjærighetshistorier .....	» 6 500

**Forfatterforlaget**

William Burroughs: Cities of the Red Night .....	» 10 000
--	----------

**Grøndahl**

Antonia White: Frost i mai .....	kr 6 200
----------------------------------	----------

**Gyldendal Norsk Forlag**

Elias Canetti: Den reddende tungen .....	» 11 400
Claude Simon: Sverd og sigd .....	» 12 000
György Rónay: Leoparden og kjeet .....	» 9 400
Jean-Edern Hallier: Fin de siècle .....	» 8 500
Heberto Padilla: Heltene beiter i min hage .....	» 6 300
Ba Jin: Kalde netter .....	» 8 300
John Irving: Hotell New Hampshire .....	» 16 000
Multatuli: Max Havelaar .....	» 3 000
Mario Vargas Llosa: Dommedagskrigen .....	» 25 000
Fulvio Tomizza: Et bedre liv .....	» 8 000
John Berger: G .....	» 12 500
Peter Schneider: Over musen .....	» 3 750
Walter Abish: Hvor tysk er det? .....	» 8 500

**Oktobers Forlag**

Stefan Heym: Ahasverus .....	» 8 300
Czeslaw Milosz: Erobringens makten .....	» 6 500
Stefan Heym: Smedeskriften .....	» 7 000

**Pax Forlag**

Grace Paley: Enormous Changes .....	» 4 000
Marge Piercy: Braided Lives .....	» 15 000
Joyce Maynard: Kjærlighetsbarn .....	» 6 000
Jayne Anne Phillips: Svarte billetter .....	» 4 500
Jack Henry Abbott: I dyrrets buk .....	» 5 000
Sergio Ramirez: Viva, caballero .....	» 4 500

**Solum Forlag**

Roger Vitrac: Viktor eller barnatar makten .....	» 3 000
Anton Tsjekov: Ivanov .....	» 4 000
Felicite de Lamemais: Gud og friheten .....	» 3 500
Leo Tolstoj: Sevastopolfortellingene .....	» 8 500
Adalbert Stifter: Storskog .....	» 5 000
Anonym: Sankta Maria .....	» 3 000

**Suttung Forlag**

Vergil: Aeneiden .....	» 3 000
------------------------	---------

**Tiden Norsk Forlag**

Masuji Ibuse: Sort regn .....	» 7 300
John Kennedy Toole: Tåpenes sammensvergelse .....	» 8 000
Tsjingiz Ajmatov: I dolsje veka dlitsja denj .....	» 9 800

Vedlegg 1

Arbeidet i råd, utval og fond på kulturområdet i 1982

**Universitetsforlaget**

Novelleantologi: Det kalles kjærighet .....	kr 4 700
Til saman	kr 400 000

I tillegg har Rådet gitt tilsegn om støtte til 12 titlar som skal gjevast ut i 1983, utan å nemne stønadssum.

**6. Arbeid for norsk litteratur i utlandet**

Rådet sette av kr 100 000 til arbeidet for norsk litteratur i utlandet. Etter tilråding fra Det faglege utval for litteratur, har Rådet gitt desse tilskotta:

**Universitetsforlaget**

Terje Johansen (red): Norsk lyrikkantologi i norsk—engelsk utgåve .....	kr 65 000
---	-----------

**Sinclair Browne Ltd.**

Bjørg Vik: En håndfull lengsel på engelsk .....	» 11 000
--	----------

**Tone Lind Jørgensen**

Oskar Braaten: Ungen, omsetjing til amerikansk for scenen .....	» 4 000
--	---------

**Goethe Institut/Utanriks-departementet**

Norsk-tysk omsetjarseminar på Sundvolden .....	» 20 000
Til saman	kr 100 000

**7. Ny norsk dramatikk**

I 1982 vart det sett av kr 250 000 til ny norsk dramatikk. Stønad har vore gitt etter dei retningslinjene som vart vedtekne i 1977. Etter forhandlingar mellom Norsk kulturråd, Norske Dramatikeres Forbund og De norske teatres forening vart månadsgasjen til dramatikarar som vert engasjert ved eit av dei faste teatra, sett opp til kr 9 000 frå hausten 1982.

Desse tilskotta er gitt:

**Korttidsengasjement av dramatikarar****Det Norske Teatret**

Anne Gullbjørg Digranes .....	kr 15 300
Paal-Helge Haugen .....	» 15 300

**Den Nationale Scene**

Irmelin Munch .....	kr 16 200
Peder Cappelen .....	» 16 200

**Nationaltheatret**

Lasse Henriksen .....	kr 12 600
-----------------------	-----------

**Nordland Teater**

Arnliot Eggen .....	» 12 600
Klaus Hagerup .....	» 15 300

**Oslo Nye Teater**

Freya Gerstad .....	» 16 200
---------------------	----------

**Sogn og Fjordane Teater**

Wibeke Knagenhjelm .....	» 16 200
--------------------------	----------

**Trøndelag Teater**

Lennart Lidstrøm .....	» 12 600
